


---

# BOKN BYGDABLAD

NR. 9 – NOVEMBER 1999 - ÅRG. 14

---



Nærmar seg - s. 2

Mykje rør! - s. 4

Vevstova - s. 6



BOKN KOMMUNE

---





## Bli med på Tusenårsmarkeringa – din einaste sjanse!

Som andre kommunar i landet vil Bokn markera at me går inn i år 2000. Korleis Bokn vil feira denne historiske hendinga kan du lesa om i Bygdabladet gjennom heile 1999, under ein fast logo frå NORGE 2000 AS.

av Jardar Havikbotn

Tida har gått og går fort, og Tusenårskomiteen har nyleg hatt eit nytt møte. Som alle andre kommunar i landet er program i kommunal regi slanka i forhold til tidlegare planar. Frå sentralt hald har det kome svært mykje stoff og materiale om Tusenårsskiftet, og oppfordringane til kommunane er mange. Skulle me prøvd å fått til det meste, så fekk me ikkje gjort anna i år.

Med tanke at me er ein liten kommune med begrensa ressurser har Tusenårskomiteen kome fram til eit realistisk program som også er bygd på kommentarar og erfaringar gjort rundt på bygda. Boknarar kan ta del i arrangementet, men samtidig feira privat. Nedlegging av grunnsteinen til Tusenårsplassen ( Kvednabekken ) blir gjort ved eit seinare høve.

# PROGRAM FOR NYTTÅRSAFTAN

- |           |   |
|-----------|---|
| Kl. 16.00 | Tusenårsgudsteneste   |
| 17.00     | Tusenårsilden bli tent på Boknafjellet og Vardafjellet  |
| 17.00     | Fakkeltog ned til skulen  |
| 17.20     | Togslutt på håndballbanen – varde blir tent av faklane  |
| 17.40     | Mat/drøs i gymsalen – m.a. Tusenårskake og godteposer til barna – enkelt program m.a. med "Tusenårskåseri" og trekning av gjesteboka frå Boknafjellet |
| 19.00     | Markfyrverkeri på fotballbanen  |
| 23.30     | Samling på Boknasund bru – nedtelling til eit nytt årtusen  |
| 24.00     | Stort fyrverkeri frå Knarholmen   |
- Etter fyrverkeriet; skyss frå Bedehuset til Tysværtunet, H@ll of Fun, 8. kl. – 18 år Ungdomstilbodet H@ll of Fun er til kl. 03.30. Då går det skyss heim igjen. Tilbodet frå kulturkontoret i Tysvær er avhengig av at Bokn stiller med to foreldrevakter.
- Det blir også skyss for dei som treng det både før Tusenårsgudstenesta, etter Tusenårsgudstenesta ned til skulen, og etter arrangementet på skulen.

Endeleg detaljert program i desember-utgåva av Bygdabladet.






1. Vil du vere med på eventuell nyttårsfeiring i regi av kommunen, eller vil du feire privat? Kvifor?

2. Korleis trur du tusenårsskiftet kjem til å vere her i Bokn?

# 4 om tusenårsskiftet

av Lars Morten Kro

3. Mange syns det er bortkasta pengar å kjøpa ein haug med rakettar og liknande til nyttårsfeiringar. I år vil det jo bli den største nyttårsfeiringa nokon gong. Millionar blir brukt! Kva syns du om denne sløsinga?




## Magne Jordbrekk Ognøy

1. Begge deler. Det er det same for meg om eg er heime eller om eg feirar nyttårsafta i lag med mange andre frå Bokn. Eg vil bare feire det eg. Eg bryr meg ikkje om kor eg feirar det.
2. Eg trur nyttårsafta dette året vil bli akkurat som før, berre litt meir feiring enn tidligare. Eg trur der vil vere masse rakettar og at det er kjekt.
3. Eg syns det er veldig bra med rakettar, men det er ikkje behov for alt for mykje rakettar heller.

## Hermund Kro

1. Eg vil feire nyttårsafta privat. Det er fordi då kan me ha det meir morosamt med rakkettar og sånt.
2. Eg trur nyttårsfeiringa dette året vil vere veldig morosam. Ein haug med rakettar og fulle folk er det eg trur vil vere å sjå kvelden og natta mens feiringa er i full gong.
3. Det med at rakettar er sløsing og bortkasta pengar bryr eg meg ikkje noko om. Eg syns det er kjekt med masse rakettar, og eg kjøpar masse sjøl og.



## Borgny Olise Kro

1. Eg vil feire nyttår privat, uten ein haug med rakettar og sånn. Eg likar å ha det koselig og fredelig.
2. Eg veit ikkje heilt, men eg håpar det vil vere fredelig utan ein masse fyll og bråk overalt. Det er ikkje vits i å bråke og drikke for å feire noko.
3. Fyrverkeri er nydelegt, og fint å sjå på, men eg liker ikkje at folk brukar så mykje pengar på noko som varer ei lita stund, og er borte rett etterpå. Pengane kunne heller godt til ein god sak.



## Gro Sørensen

1. Det kjem an på kva som skjer. Truleg vil eg feire privat med familien. Eg tenkjer på ungene, for det er jo deira dag, og dei bør ha det kjekt syns eg.
2. Knallbra! Dette er ein liten kommune som kan lett arrangera ein folkefest på ein egen tusenårs plass.
3. Eg er enige med dei som seier det, trur på det dei seier. Men eg trur og at folk trenger ein "avstivning", noko som fyrverkeri er god til. Sjølv om det er kjekt, så er det meininga at me brukar måte.






# MYKJE RØR!

## Boknarevyen 1999

Tekst: Birger Lindanger – foto og billedtekstar: Jardar Havikbotn

Laurdag og søndag 20. og 21. november humra mesteparten av Bokns befolkning i gymnastikksalen på skulen. Opp mot 400 publikummarar kosa seg med revyen desse to dagane – 52% av alle boknarar og kring 2/3 av kommunens nokolunde vaksne befolkning. Ingen tvil om at det nystarta revylaget hadde grepet på stoffet og



Berit Merethe Nordbø (tv.) og Ruth Iren G. Dybdahl, to nye fjes for boknarane med stort revytalent. Her i sketsjen *På kaien*.


folket. Og frå tid til annan small gapskratten i taket – t. d. når særprega personar til dei grader blei tekne på kornet. La det likevel vera sagt – humoren i sangar og sketsjar var heile tida av det vennlegsinna og godmodige slaget. Det var imponerande at lokale krefter kunne laga eit så omfattande program – det var få dødpunkt i det to timar lange programmet.



Den eldste aktøren, Leif Vatnaland, skuffar aldri.

Rossebø – som framstilte figuren – losa oss på dette vi-

Programmet besto av re-vysangar og sketsjar bunde saman av ein som – etter kva som blei sagt – skulle forestilla ein hverande lokalhistorikar. Særleg presenterte vedkommande ei lang rekkje stadnamntolkningar som kunne gitt ein namneforskar akutt behov for krise-psykiatri. Men Olav




Tri glade songfuglar som saman med Daghild Grønnestad og Marita Svendsen stod bak mange songinnslag; Kristi Laupland (tv.), Kaj Arne Christiansen og Torunn Bokneberg.

set gjennom utstillingane på sympatisk vis og med Svartedauden som den faste tidshorizonten. Som ein scenisk bakgrunn for dei mange innslaga, fylgde det elles ei rekkje landskapsbilete frå Bokn der kommunens nye videokanon blei bruka.

Det starta opp med eit eksotisk folkelivsbilete frå "Boknacabana", den nye sandstranda på Fyren filma 8. november!!! Etter ein patriotisk sang om Bokn, fylgde "Higreskriget" – ein varmande harselas over storebror i nord.

Sidan fylgde ei lang rad sangar og sketjar – dei fleste fekk sitt. Det kunne gjelda tilbakeføringa av gassrøytraseen med planting av "ugras" og spark både til Statoil og fylkesmann. Sketsjen blei fylgd opp av ein sang der ulike ulemper Statoil påførte boknarane blei bretta ut og om all tautrekkinga som var om kvar massen frå traseen skulle plasserast.

Andre område det blei henta stoff frå, var det rike hes-



Arild Ognøy koste seg på scenen med alle figurane sine, og det smitta over på publikum. Her som ein av stamkundane på Are.






Liv Vatnaland (tv.) og Linda Ognøy var også på plass i denne revyen som dei forvetne kaffikjerringane på "Vaflene".

temiljøet i Bokn der både Bork og islandshestmiljøet blei presentert, Bokn Plast, Handelslaget, Postfilialen, miljøet på kaien, kommunelegen, vaffelmiljøet i Allrommet der det meste blir kommentert – mellom anna at ordførarkandidatane i Bokn skulle starta ein dør-til-dør-aksjon for å få opp folketalet. Her blei òg samla inn kollekt til Tysvær kommune. Dessutan var ein innom Arskroen, billettbuene på Are og "Hobbybua" på Grønnestad. Og sjølvsagt gjekk ikkje ungarane fri denne gongen heller, her finst alltid eit hav av reyvstoff.

Faste innslag, var sjølvsagt òg henta frå bygdepolitikken og den kommunale administrasjonen. Her var visa om bruk av BU-midlar høgdepunktet.

Men det innslaget som kanskje framom nokon fekk slått latterdøra på vidt gap, var dei fire heller skjeggete og hårete syngedamene som nå tykte tida var inne for



"Ungkarane" var også på plass denne gong, spela av fv. Reidar Alvestad, Kjartan Jensen, Olav Rossebø og Arild Ognøy.

turné.

Det alle meste gjekk greitt, og feilstega var få, uvesentlege og eigentleg bare sjarmerande. Skal det likevel setjast fingeren på noko, var det at det i nokre av sanginnsloga kunne vera vanskeleg å fanga opp innhaldet – noko som er viktig i revyviser. Musikken var høveleg i styrke og stil – og musikantane var Jardar Havikbotn, Egil Lindanger, Geir Jørgensen og Erling Grønhaug.

Det er ein imponerande innsats som ligg bak revyen. tekstgruppa: Reidar Alvestad, Jardar Havikbotn, Arvid Jøsang, Linda Ognøy, Olav Rossabø og Liv Vatnaland starta arbeidet sitt for over eit år sidan. Og ei gruppe av sentrale revyfolk har vore i sving med boknarevyar i opp mot 20 år. Men det er fyrst den siste månaden me har hatt eit eige revylag på Bokn. I alt har 27 boknarar stått på for å skapa desse hyggekveldane – og dei har



Dette bladet du les i no fekk også sitt. Torny Rossebø (tv.) og June Kro leste opp og kommenterte dei merkelegaste meldingar.

øvd kring ein månad før førestillingane. Og det er eit stort spenn av folk som har funne kvarandre i revyen, frå pensjonerte bønder – Leif Vatnaland - på 66 til grunnskulejenter – Camilla Holm Birkeland - på 13. Andre aktørar var Torunn Bokneberg, Kaj Arne Christiansen, Ruth Iren G. Dybdahl, Daghild Grønnestad, Kjartan Jensen, June Kro, Kristi Laupland, Berit Merethe Nordbø, Arild Ognøy, Linda Ognøy, Torny Rossebø, Marita Svendsen og Liv Vatnaland. Arvid Jøsang var sufflør. Knut Ivar Alvestad og Onar Alvestad stod for lyd og lys medan Tor Harald Alvestad, Bjørnar Bryningsland, Bjørn Erik Øvrebø og John Øvrebø var scenearbeidarar. Til saman viste dei at dugnadsanda framleis er lys levande på Bokn.

Det er alt tankar om ein ny revy neste år. Arrangementet har også gitt noko overskot som skal investerast i komande revyar.

Takknemlege boknarar takkar for lått, lys og varme i ei susseleg årstid.

*Billedmaterialet blei begrensa fordi fotografen sat bak keyboardet og spela.*




# VEVSTOVA 21 ÅR

Tekst og foto: Reidar Alvestad

## STARTA I 2. ETASJE

Eit knippe vevinteresserte kvinner starta opp vevstova i 2. etasje på Kyrkjebygd skule for 21 år sidan. Nokre av desse kvinnene er ennå med.

I dag har vevstova lokale i den søre salen i 3. etasje på Kyrkjebygd skule. I denne salen var det i mange år klasserom for framhaldsskulen, og her vart det servert mat 17.mai, og mange bryllup og andre festlege samvær vart arrangerte nettopp her. Seinare år vart han



Når du opnar døra frå gangen i 3. Etasje, ser du fort kva som går føre seg innfor.

brukt til bedehus og sundagsskule.

Og vevstova har hatt eit litt omflakkande liv, sjølv om dei har halde seg i same huset.


Då barnehagen hadde behov for meir plass, flytta vevstova opp i 3. etasje i bygget. Då vart innreiinga i det store kjøkkenet tatt bort, og vevstova tok på seg den store jobben det egentleg var å forflytta vevane ein etasje opp. For då måtte vevane demonterast og setjast opp på ny igjen. Seinare flytta bedehuset og sundagsskulen over til den gamle skulen på Austre Bokn, og då var det på ny å demontera vevane og få dei opp att i den søre delen av 3. etasje. Dette vart gjort i 1994.



Det er synd at dei fine fargane på dette åkleet ikkje kjem fram. Åkleet heiter Ingvaldsåkleet med mønster frå Rana i Nordland.

## TAR VARE PÅ TRADISJONANE

”Vevkjerringane” er i eit antal på 10–15 personar i alt, men oftast er det 7–10 som møter opp på torsdagskveldane når dei har vevkveld. Alderen på deltakarane er frå 32–83, med Målfrid Kro Trosnavåg som den eldste. Til bygdabladet seier ho at det er viktig at vevtradisjonen vert halden vedlike, slik at det ikkje dør ut. Det er kanskje nokon som trur at det berre er å setja seg i veven og starta arbeidet. Men så enkelt er det ikkje. Når du er komen så langt, er det meste gjort. Først skal veven rennast, som er eit nøyaktighetsarbeid som har mykje å seia for korleis det ferdige produktet skal bli. Så skal renninga leggest på veven, så hovla – tre mønsteret. Så skal det knytast fram og knytast ned.




Mange aktive vevkjerringar. Målfrid Kro Trosnavåg sit nedest ved vegg og instruerer ei med mindre erfaring. Elles sit Ragna Alvestad, Ingebjørg Alvestad og Brit Holberg i ve-

## KONTAKT MED ANDRE VEVSTOVER

Bokn vevstove har hatt besøk både frå Tysvær og Finnøy, og har vore på gjenvissitt.

Ikkje langt frå Tysvær, har dei vevstove i eit eldre skulehus, og på Finnøy i eit kommunalt hus. Her har dei kunna utveksla erfaringar med kvarandre.





## I STARTEN

Ein del av vevane eig dei som går der. Andre høyrer til rundt på bygda. I starten var det Ole Laupland som fekk dei gamle vevane i orden ved å laga det som mangla. Målfrid Kro Trosnavåg såg over dei for å finna ut kva som mangla.

Dei som går på veven har sjølv gjort rommet i stand med oppussing og maling. I tillegg har dei fått seg eit fint rom kor dei har kaffipause.

Også den sosiale delen av vevkveldane synes deltaka-



**7 vevkjerringar tar pause. Frå v.: Eva Aksdal, Møyfrid Vatnaland, Målfrid Kro Trosnavåg, Ingebjørg Alvestad, Wenche Jøsang, Ragna Alvestad og Brit Holberg.**


rane er viktig. I dag er det ikkje så mange stader at folk samlast på denne måten. Her kan dei sjølvsagt også ta med seg anna handarbeid. Vevstova er open for alle, men det er ikkje alltid at det er ledige vevar.

Renninga til veven er vanlegvis i bomull, lin eller

hamp, alt etter kva som skal bli det endelege produktet. Sjølve vevtråden kan vera i bomull, lin eller ull, og klipte filler til filleryer. Dei har også vevd andre ting. Tepper av sildagarn. Det meste av garnet kjøper dei gjennom Husfliden.

I vevane kan dei veva filleryer, bordløparar, tepper, dukar, puter, åkle og anna.

Dei kan ikkje veva breiare enn ca 1,40 meter, men lengda kan varierast.



**Dette teppet er vevd i det uvanlege materialet gamle sildagarn av Ingebjørg Alvestad. Også litt anna er vevd inn. Teppet heng til vanleg på Sjøhuset i Alvestadkroken, og var tatt med på vevstova denne kvelden for å visa kor mykje ein kan få ut av ein vev.**

## UTSTILLINGAR OG SALG

Vevstova i Bokn har hatt eit par utstillingar av produktane sine. Då har dei også hatt salg. Er det noko folk vil ha, så er det handarbeidde produkt. Vanlegvis er det ikkje vanskeleg å få tinga selde.

Elles går produkta til dei som lagar dei, då dei også sjølv kjøper inn renning, tråd og det som elles skal til.

Ein god del av det som blir vevd, trengst det ikkje


mønster til. Visse ting kan bli fine ut frå fri fantasi eller tradisjonelle mønster. Elles finn dei andre mønster gjennom bøker og blad. Slik sett er det også ganske lærerikt å veva. Du lærer ny teknikkar og mønstre å kjenna.

Vevstova er blitt ganske

Rommeleg etter at dei kom inn i desse lokala - heile

7 x 12 meter. Pauserommet har dei felles med dei barnehagetilsette.

## TAKKNEMLEGE



**Eit mindre utval av dei sakene som blir vevd på vevstova. Løparar, åkle, dukar, pledd m.v.**



**Eva Aksdal er nybegynnar. Sjølv seier ho at ho er her for å hjelpa søstera som er heime i kveld. Målfrid Kro Trosnavåg viser henne korleis det kan gjerast dersom ho står fast.**

Alle på veven seier dei er glade for at dei har desse lokala til disposisjon. Tiltaket er med og bidrar til trivsel og aktivitet, og til at nedarva vevtradisjonar kan bringast vidare til nye generasjonar slik at dei ikkje går i gløymeboka. Ein god effekt er også god aldersblanding på dei som tek del i aktiviteten.



## Renninga i veven

*Livsveven-*

*Mangt er sagt om den.*

*Sorgmørke mønstre.*

*Kjærlighetsrøde render  
og hatets isblå bunn.*

*Alle vil vi være  
en del av den vakre veven,  
de gylne trådene som synes.*

*Men hvem vil være  
renninga i veven?*

*Det bleke bunn garnet  
som binder mønsteret sammen.  
Som starter og ender  
i knuter og frynser  
uskjønne og lite verdt å nemne.*

*Men som  
om de ble klippet over  
ville få bordene til å rakne,  
trådene til å falle  
fra hverandre.*

*Ja, hvem vil være renninga i veven?*

*N.N*

## ÅRSMØTE I BOKN HAGELAG

Tirsdag 19. oktober hadde Bokn Hagelag årsmøte på Allrommet, Boknatun.

Ragnhild Trosnavåg ønsket velkommen. Fylkesleder i Hageselskapet Ole Geir Skjæveland holdt et interessant lysbildeforedrag om "vann i hagen". Det var mange slags dammer og anlegg som ble vist, noe for enhver hagestørrelse. Fine planter og fisker ble nærmere beskrevet, og tips som for eksempel at halm i dammen dreper algevekst.

Årsmelding og regnskap ble opplest og godkjent.

På valg var Ragnhild Trosnavåg, Otto Fostenes og Eva B. Svendsen, ingen ønsket gjenvalg. Forespurte til styret som hadde svart ja, Karin Svendsen, Arvid Jøsang og Anne Lise Nilsen. Alle ble enstemmig valgt.

Ragnhild Trosnavåg ble takket med gavesjekk på 250 kr. som takk for fin innsats i 4 år som leder.

Resultater fra naturstien til Sandvika 29.08:

1. premie gavekort på kr. 100 gikk til fam. Bernt Øvrebø
2. premie Hagelagets T-skjorte gikk til June Grønnestad

Barnepremiene ble trukket ut blant barna som deltok, og dei heldige var Martin Trosnavåg og Vidar Øvrebø.

Etter dette var det drøs med kaffi og kaker. Loddsalget gikk lett og fine gevinster ble fint fordelt blant dei 22 som var på årsmøtet.

Etter konstituerende styremøte 28.10.99 ser styret slik ut:

Leder: Andreas Nemeth  
Nestleder: Anne Lise Nilsen  
Sekretær: Ellen Nedrebø  
Kasserer: Arvid Jøsang  
Materialforvalter: May Jorunn Vatnaland  
Styremedlem: June Kro  
Varamedlem: Karin Svendsen  
Revisor: Trond Vatnaland

Adventverkstad onsdag 24.11 kl. 19.00

Juleverksted onsdag 8.12 kl. 19.00

På Allrommet, Boknatun

Ta med: Noe til å lage dekorasjoner i/på, lim og limpistol (viss du har) + det du treng av materiell. Hagelaget har edelgran og oasis.

For å være med koster det kr. 50,- for medlemmer og kr. 100,- for ikke medlemmer. Det dekker begge kveldene, kaffi + noe å bite i.

Påmelding innen mandag 22.11.99 til:

May Jorunn tlf: 52 74 86 48 eller Anne Lise tlf: 52 74 86 38

Hagelaget kommer rundt og selger kristorn til jul i veke 50.

*Ellen Nedrebø*



# PÅ KRYSS OG TVÆRS

Vinnarar av septemberoppgåvene blei:


Oppg. 1 : Magne Jordbrekk Ognøy

Oppg. 2 : Magne Jordbrekk Ognøy

**GRATULERER!**

(Eli og Lars Morten Kro har stått for trekninga).

Vinnarane vil få kvart sitt Bingoflax-lodd.



LØYSINGAR, OKTOBER:

1


	INNSEKT	F	HODE- PLAGG	VERK- TØYER	MOTSATT AV OPP ELTE	N
BRUS- -----	F	L	A	S	K	E
SMILTE GNAGER	L	O	FUGL	A	N	D
M	U	S	OFRET HAR HANEN	G	A	LEGEMS- DELER
ETUI	E	S	K	E	PÅ HUSTAK	N
	MUSIKKIN- STRUMENT PILOT	H	A	R	P	E
SAUE- BARN LEG. DEL	L	A	M	DESSERT OPP- DRETT	I	S
F	O	T	DYR	A	P	E
MØBLER	S	T	O	L	E	R

2

U	B	E	D	T		F	Y	S	J
V	Æ	R	E	R		E	R	T	E
Æ	R	E		Ø	Y		E	I	E
R	E	M		Y	T	E		A	P
	P	I	P	E	R		E	N	
P	O	T	E		E	L	I		Ø
I	S	T	I	D		I	D	O	L
N	E		S	U	K	K	E	R	
E	R				Å	T		M	Å
		L	E	E	R		N		R
U	H	Y	G	G	E	L	I	G	E
L	E	N	G	E			E	R	T
L	I			N	A	R	R	E	
		F	Å		L	O		I	S
U	H	O	L	D	B	A	R		T
L	U	R		E	U	R	O	P	A
Å	M	E	N		E		S	J	U
S	P	R	E	T	N	E		O	R
T	E		D	Ø		L	E	K	
E	R	M	E	R		V	I	K	E

## Haust


*Kvar vart det tå alle  
dei fuglar  
som song  
i sumar så vent mellom greino?  
Sidan eg hørde dei  
ender og gong;  
og så vart dei stille i eino.  
- Han tagnar, fuglen, mot hausten.*



*Kvar vart det tå alle  
dei blommar  
som stod  
og nikka i ljøs og i ange?  
Eg ser over bøn,  
men er inkje god  
få auga på ein av dei mange  
- Han visnar, blomen, mot hausten.*

Per Sivle





2


PUSLEKRYSS

**Kort innleveringsfrist: 9. desember**

**Namn:**

1

	I ANSIK- TET	FUGL	ÅRBOK	▼ FUGLE- MAT DOKTOR
LÅSER VI MED TITTER	▼	▼	▼	▼
▼			KJØRE KJELKE I BÅTEN	
RAR			▼	
SMILE				
▼		SKALL- DYR ... & BUE		
	VAKKER SYRED- SKAP	▼	I SUPPA	NY- VASKET
TALL	▼		▼	▼
		INN- GANG		
LANG FISK			VOKSE	
		PÅ TREET		



3 Bokstavar

KYR  
RAN  
SNU  
UFF

4 Bokstavar

ANNA  
LAKS

6 Bokstavar

BILBUD  
DOKTOR  
EKSAKT  
HARPUN  
ORAKEL  
TERMOS

8 Bokstavar

BAGASJEN  
HUSVARME  
MELKEBIL  
OLJEFLAK

9 Bokstavar

AVISSTOFF, BADEPLASS  
EKSOSRYPE, MAKTHAVER

**SANSER**



En munn som var så pratsom, ja, en skravlepapegøye.  
Den skravlet hele dagen med en nese og et øye.  
Men også øret hørte munnens lange kåserier.  
Det sa forsiktig: "Unnskyld, men jeg hører hva du sier."  
Da lukket bare munnen seg og alt ble musestille.  
Og øyet så en annen vei, tok på sin mørke brille.  
Og nesene ble utrolig kry, den satte tippen opp mot sky.  
Det stakkars lille øret fikk intet mere høre.







# LÅTT OG LØYE



## med Vegar Våge



HA HA HA

Når jeg blir stor, vil jeg bli politibetjent  
og følge min fars fotspor.  
-Jeg visste ikke at din far var  
i politiet?

-Det er han heller ikke, han er innbruddstyv.

På bussen:  
-Dagens ungdom eier ikke oppdragelse.  
-Du fikk jo sitte fordi en ungdom overlot  
plassen sin til deg.

-Joda, men min kone har ikke fått noen plass.

En ungkar fra Toten ble innkalt til en farskapssak sammen med noen andre karer. Blodprøver og medisinske tester var unnagjort, og før rettsinnledningen fikk totningen beskjed om at han var frikjent. Stolt reiste totningen seg, satte frem brystkassen og sa til dommeren idet han gikk:  
-Det viktigste er ikke å vinne men å delta!


Hørt om den svenske vaskekona som vasket heisgulvet i hver eneste etasje?

-Er det riktig at du flyktet hjemmefra da din kone kastet en stol etter deg?  
-Nei, det var først da min svigermor kastet et blikk på pianoet at jeg tok bena fatt!



Katolikken ville ikke ha hummeren han fikk servert. Han kunne ikke fjerne paven.

-Direktør, min lønn står ikke i forhold til mine kunnskaper.  
-Jeg vet det, men her ved bedriften har vi minstelønnsatser!



To pensjonister sitter på en benk i parken:  
-I vår alder er det tyve prosent flere kvinner enn menn, sier den ene.  
-Det er mulig det, men hva kan vi gjøre med det i vår alder?



-Det var et grusomt maleri!  
-Syns du? Det er jeg som har malt det.  
-Jeg mener...det er et forferdelig motiv. Modellen ser jo ikke ut!  
-Det er min hustru.

HO HO HO

Pjokken tar bussen hjem da en eldre dame spør om han vil reise seg.  
-Niks, svarer han. Hvis jeg gjør det så tar du bare plassen min!



Hjerteleg takk for alle blomsterhilsener og medfølelse ved min søster, Lillian Jøsang's bortgang.

Janet

Du er velkommen med gratis takkeannonse i bladet!

## ME SYNG JULA INN!

Songkvartetten og barnekoret inviterer til konsert i kyrkja tysdag 14. desember kl. 18.30.

## DESEMBERNUMMERET

P.g.a. permisjon, sjukemelding og budsjett-arbeid blei Bygdabladet kraftig forsinka i november. Ein del som var tenkt å ta med fekk me ikkje tid til, men lesarane kan sjå fram til at det siste bladet i dette århundret blir eit fyldigare blad enn det du no held i hendene.

I desember vil du m.a. få helsa litt betre på den nye ordføraren vår, samtidig som det flotte ordførarkjedet blir grundig omtalt. Det kjem eit nytt avsnitt i serien "Byggeskikk i Bokn".

Reportasje om oppsetting av nytt kvernhus, og århundrets siste kommunale arrangement kjem i detaljer, og det blir nok også plass til nokre julehistoriar.

SØNDAGSSKULEN  
PÅ BOKN BEDEHUS 5. DESEMBER

## KÅLROT TIL SALGS

Kr. 4,- pr. kg. – tlf. 52 74 83 90

## RETTINGAR

Bygdablad nr. 3 – 1999

Artikkelen "Du hugsa vel tobakken?"

I artikkelen om Ingrid Våge skreiv eg at ho og systera måtte passa småsyskena sine når foreldra var og fiska i øyane (Vågholmane).

Eg er gjort merksam på at det lokale uttrykket i Våga - å vera "i øyane" blir brukt om dei holmane som ligg aust frå Våga, og ikkje sjølve Vågholmane.

Bygdablad nr. 8 – 1999

Artikkelen "Det gamle herskapshuset i Kro"

I andre avsnitt av denne artikkelen står det at herskapshuset ligg vakkert til med utsikt aust-over mot Krovågen og nordre del av Boknasundet.

Denne utsikten går motsatt retning – vest/nordvest.

Reidar Alvestad

## STOR TAKK!

Korpset vil med dette retta ei stor takk til våre trofaste giverar på auksjonen den 6. november.

Me fekk inn omtrent 21.000 kr., penger som kjem godt med i korpсарbeidet. Tusen takk til alle som støtta oss!

Korpset har nå fått 15 nye aspirantar, og alt i alt har me 40 spelande medlemmer. For at alle desse skal få best mulig tilbud, treng me instrument.

Dersom du har eit instrument ( eller ein uniform ) ståande heime som tilhøyrrer korpset, vær så snill og finn det fram. Du kan då levera det på skulen torsdagar mellom kl. 17.00 – 19.00, eller snakka med Lillian Grønnestad på tlf: 52 74 81 55.

Det er sjølv sagt lov å begynna å spela igjen viss du vil. Nye medlemmer er alltid velkomne!

Styret i Bokn Musikkorps




# BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin–Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

## SMARKED

### BJØRN LINDANGER



### Alt i Graving og Transport

4150 Rennesøy

Tlf. 51 72 36 15 Mobil 94 67 28 48

**HALLO, NABOAR I NORD!**

Me er eit entreprenørfirma fra Rennesøy som driv med gravemaskinar, 4 stk. fra 1,5 til 20t. Har også tippbilar.

Me utvider gjerne arbeidsfeltet vårt og reiser gjerne over fjorden for oppdrag.


Me utfører alt innan graving og transport. Fjell er ingen hindring. Me forhandlar plast- og sementrøyr, samt alle typar av sand, singel og grus.

Ta gjerne kontakt for ein uforpliktande samtale.

Vennlig helsing Bjørn Lindanger

tlf. dag	946 72 848
kveld	51 72 36 15

ØYREPYNT OG BARNEARMBÅND  
SOM ER FUNNE:



DU FÅR  
DET IGJEN  
PÅ KULTUR-  
KONTORET

### TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.  
Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Jakob Ullenes,  
4150 Rennesøy*

51 72 32 87                      946 70 873



Har jeg råd  
til å spare?

Hvordan er det best  
å spare i min situasjon ?  
Hvor lenge må jeg spare?  
Hvordan spare for å få mest?



Har du penger til overs - eller ønsker du deg mer å rutte med? Lurer du på hva som lønner seg for nettopp deg? Forskjellige mennesker har forskjellige behov. Undersøk hvilke sparemuligheter du har neste gang du er i banken.

Snakk sparing med noen som kjenner deg

SpareBank 1 SR-Bank

BOKN





Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 02	Økonomisjef	Solrunn Alvestad
52 75 25 03	Ordførar	Svein Ove Alvestad
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Kommunekasserar	Harald Bokneberg
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove	
52 74 85 22	Legevaktssentralen	
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster	Eva B. Svendsen
52 75 25 45	Biblioteksjef	Linda Ognøy
52 75 25 47	Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad
52 75 25 50	Rektor/seksjonssjef skule	Dag Halvorsen
52 75 25 51	Undervisningsinspektør	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54	Barnevernleiar	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	( På klubbkveldar )
52 75 25 80	Tannlege	Else Kjellesvik

## BOKN BYGDABLAD

### UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post: [jhavikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jhavikbotn@bokn.kommune.no)

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

### BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

### REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

### REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

### ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

### ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvsida kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

### FRIST FOR STOFF

Den 25. i kvar mnd.

### BLADET KJEM UT

2. veka i alle mnd. utanom januar og august

### FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm

frå Vikingtid ( 900 - 950 e.Kr. )

### STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS

- for lag og organisasjonar -

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/ konferansar som tar sikte på skoloring av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltakarar frå lag og organisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/ konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad.

I søknaden skal desse opplysningane stå:

- kurslengde
- arrangør

- program
- opphalds- og kursavgift
- utgifter til materiell og reise
- namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.

Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inspirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbodet om å gjera det.



# A-Blad

RETURADRESSE:  
BOKN KOMMUNE  
5561 BOKN

## KULTURKALENDEREN

### DESEMBER

- 5.: Julemesse på Arskroen, 2 etasje
- 6.: Jul i stallen – arr. BORK
- 7.: Juleavslutning for speidarar, ulvungar og meiser
- 8.: Juleverkstad, Allrommet kl. 19.00  
Arr. Bokn hagelag
- 12.: Gudsteneste, kl. 11.00
- 12.: Luciafest, Bokn musikkorps
- 14.: Me syng jula inn! Songkvartetten og barnekoret inviterer til konsert i kyrkja kl. 18.30
- 19.: *Sundagsskulen sin juletreffest, kl. 15. 00*

- 20.: *Juleavslutning ved Bokn skule*
- 21.: *Siste skuledag før jul*
- 24.: *Gudsteneste, kl. 14.00*
- 26.: *Gudsteneste, kl. 11.00*
- 27.: *Bedehuset sin juletreffest, kl. 19.00*
- 29.: *Frelsesarmeen sin juletreffest, kl. 19.00*
- 31.: *Tusenårsgudsteneste kl. 16.00 samt eige*

**KYRKJEVERGA** er å treffa på Boknatun tysdagar og onsdagar mellom kl. 08.30 og 15.30.

Direktenr. 52 75 25 47

Svanhild Alvestad  
kyrkjeverge

#### LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn  
tysdag og torsdag kl.  
08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666  
( skatteetaten )

Måndag, onsdag og  
fredag kontordagar ved  
Tysvær liknings- og  
folkeregister i Akrdal  
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro  
likningssjef i Bokn

#### LANDBRUKS- KONTORET

Kvar fredag kontordag i  
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må  
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i  
Tysvær andre vekedagar,  
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset  
jordbrukssjef

#### ORDFØRAREN

er å treffa på Boknatun  
tysdagar .

Direktenr. 52 75 25 03  
Mobiltlf. 913 54 082

P.g.a. ein del møteverk-  
semd er det lurt å ringja  
på førehand.

Svein Ove Alvestad  
ordførar

#### PSYKIATRISK SJUKEPLEIAR- TENESTE

Tysdagar og fredagar  
kl. 08.00 – 15.00  
på det gamle  
fysioterapirommet.  
Direktenr. 52 75 25 36

Laila Nemeth  
psykiatrisk  
sjukepleiar

#### BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og torsdag  
kl. 9.00 – 15.30

Direktenr. 52 75 25 33

Geir Austvik  
fysioterapeut

#### BARNEVERNLEIAREN

Kontordag tysdagar,  
elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 54 -  
Mob. 946 78 919

Eva Moi  
barnevernleiar

#### BOKN HELSESTASJON

Kontordagar  
tysdag og torsdag.  
Open helsestasjon  
torsdagar 9-11.30 -  
elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 43

Eva Brunborg Svendsen  
helsesøster

#### FOTTERAPI på fylgjande datoar:

22.09 – 15.10

Etter 15.10, kvar fredag

For påmelding,  
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen  
fotterapeut